



Bybanen AS

Dato: 05.09.2017  
Vår ref.: 2016/11222-15  
Dykkar ref.:

## Partsbrev - Selskapskontroll av Bybanen AS - Status i høve tilsyn frå Jernbanetilsynet mv.

Vedlagt følgjer partsbrev i sak PS 85/17 etter møte i kontrollutvalet 29.08.2017 der det vart gjort slikt vedtak:

*«Kontrollutvalet vedtek å utsetje selskapskontroll av Bybanen AS til hausten 2018, når ny organisering har fått virke ei tid.»*

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi til:

Deloitte AS  
Fylkesrådmannen  
ØKONOMI - OG ORGANISASJONSAVDELINGA

Arkivnr: 2016/11222-14  
Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	85/17	28.08.2017

## Selskapskontroll av Bybanen AS - Status i høve tilsyn frå Jernbanetilsynet mv.

### Bakgrunn for saka:

**Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak PS 129/16 Selskapskontroll av Bybanen AS – Forslag til prosjektplan i møte 17.11.16:**

1. *Kontrollutvalet bestiller selskapskontroll av Bybanen AS frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.*
2. *Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal, inkludert opsjon på eventuell bruk av spørjeundersøking, som ligg i forslag til prosjektplan.*
3. *Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Hordaland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 8 timar.*
4. *Det er ønskjeleg at Deloitte, i samband med at revisjonsrapporten vert send på høyring til fylkesrådmannen og selskapet, ber om at dei også tar stilling til korleis forslag til tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast.*
5. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 30.6.2017, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og selskapet sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*

**Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med selskapskontrollen er:**

*«Føremålet med selskapskontrollen er å undersøke og vurdere Hordaland fylkeskommune si eigarstyring av Bybanen AS. Vidare er føremålet med selskapskontrollen å undersøke om selskapet har etablert system og rutinar for å sikre god beredskap ved driftsproblem og for kommunikasjon med og informasjon til kundar og samarbeidspartar.»*

**Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgende overordna problemstillinger:**

1. *I kva grad har Hordaland fylkeskommune etablert ei eigaroppfølging av selskapet i samsvar med etablerte normer for eigaroppfølging, egne vedtak og rutinar?*
  - a. *I kva grad er det etablert ein eigarstrategi med mål og krav til selskapet?*
  - b. *I kva grad har fylkeskommunen fulgt opp selskapet i samsvar med egne rutinar for eigarstyring og føringar som er gitt til selskapet?*
  
2. *I kva grad har Bybanen AS etablert system og rutinar for å handtere driftsutfordringar?*
  - a. *I kva grad er det etablert ein beredskapsplan og tilhøyrande rutinar som skal sikre alternativ transport ved eventuelle driftsutfordringar?*
    - i. *I kva grad dekker beredskapsplanen dei driftsutfordringane som Bybanen har opplevd?*
    - ii. *I kva grad blir beredskapsplanen nytta ved eventuelle hendingar?*
  - b. *I kva grad er det gjennomført dokumenterte risikovurderingar som ligg til grunn for beredskapsplan og system og rutinar knytt til å sikre driftstryggleik?*
  - c. *I kva grad har Bybanen tilstrekkeleg med system og rutinar for å sikre at ein tar lærdom av hendingar som har fått konsekvensar for drifta?*
  - d. *I kva grad er det etablert rutinar for leiinga sin gjennomgang av tryggleikssystemet, samt gjennomgang og evalueringar av hendingar og avvik?*
  - e. *I kva grad er det etablert system og rutinar som sikrar at det blir gitt naudsynt informasjon både internt, til samarbeidspartar og kundar ved eventuelle drifts- utfordringar?*
  
3. *I kva grad er det etablert tydeleg ansvar og rolledeling mellom Bybanen AS og andre aktuelle aktørar slik som samferdsleavdelinga, Skyss, Bybanen utbygging og operatørselskap når det gjeld etablering av ei trygg og føreseieleg drift av Bybanen?*

**Den godkjende prosjektplanen ligg ved som vedlegg 1.**

**I saksframlegg til møte i kontrollutvalet 13.2.17 stod det m.a. dette:**

*«Sekretariatet er gjort kjend med gjennom media at Jernbanetilsynet nyleg har gjennomført eit tilsyn med Bybanen AS der det m.a. er påpeikt manglar i vedlikehaldet av bybanevognene. Vidare er vi kjend med at Bybanen AS, Keolis og fylkeskommunen skal ha møte eit med Jernbanetilsynet 31.1.17 for å diskutere dette. For kontrollutvalet kan det vera nyttig å få orientering om status i høve tilsynet, m.a. for å vurdere om kontrollutvalet bør gjera endringar i si bestilling til Deloitte. På bakgrunn av dette er det gjort avtale med fylkesrådmannen at han kjem i møtet for å gje ei slik orientering.»*

**Ut frå det som går fram over vart dette protokollert i møte i kontrollutvalet 13.2.17:**

**«Handsaming i møte**

*Forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo orienterte om status i den pågåande selskapskontrollen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.*

*Fylkesrådmann Rune Haugsdal orienterte frå møte med Jernbanetilsynet 31.1.17 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.*

*På bakgrunn av det som kom fram i orienteringa frå møte med Jernbanetilsynet 31.1.17, etter gjennomført tilsyn med Bybanen AS, vart kontrollutvalet samde om å be fylkesrådmannen om å komme i møte 27.3.17 for å gje ny status i høve oppfølging etter tilsynet.*

*Ut frå det som kjem fram i neste møte skal kontrollutvalet ta stilling til om det må gjerast endringar i føremål og problemstillingar i selskapskontroll av Bybanen AS. Arbeidet med selskapskontroll av Bybanen AS vert stilt i bero inntil vidare.*

*Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.*

#### **Vedtak**

- 1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om å komme i møte 27.3.17 for å gje ny status i høve oppfølging etter tilsynet frå Jernbanetilsynet med Bybanen AS.*
- 2. På bakgrunn av det som kjem fram i neste møte, vil kontrollutvalet ta stilling til om det må gjerast endringar i føremål og problemstillingar i selskapskontrollen av Bybanen AS .*
- 3. Arbeidet med selskapskontroll av Bybanen AS vert stilt i bero inntil vidare.»*

#### **I samband med møte i kontrollutvalet 27.03.2017 vart dette protokollert:**

##### **«Handsaming i møte**

*Fylkesrådmann Rune Haugsdal orienterte om status i høve oppfølging etter tilsynet frå Jernbanetilsynet med Bybanen AS og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.*

*Det kom m.a. fram følgjande:*

- Informasjon i brev frå Statens jernbanetilsyn 21.03.2017 til Keolis Norge AS om oppfølging av rapport etter tilsyn i desember 2015, send kontrollutvalet på e-post etter møtet*
- Notat til fylkesutvalet 30.03.2017 om organisering av bybanedrifta, send kontrollutvalet på e-post etter møtet*
  - Vedlegg til notatet - Evaluering av Bybanen AS – Rapport frå Karabin AS 22.03.2017*
- Det skal no lagast ein plan for å gjennomføre forbetringar i høve rapporten frå Karabin AS*
- På bakgrunn av dette skal det leggjast fram ei sak for fylkestinget i juni 2017 med forslag til ny rollefordeling og organisering av drifta av Bybanen AS*

*Kontrollutvalet vil komme tilbake til saka i møte 28.08.2017, når ein ser korleis handsaminga vert i fylkestinget i juni.*

*Etter detta vart slikt vedtak samrøystes vedteke.*

#### **Vedtak**

*Kontrollutvalet vil komme tilbake til saka i møte 28.08.2017 når ein ser korleis handsaminga vert i fylkestinget i juni.»*

#### Drøfting:

**Fylkestinget handsama sak PS 60/17 evaluering av Bybanen i møte 14.06.2017 der det vart gjort slikt vedtak:**

- 1. Fylkestinget tek konklusjonane i evalueringsrapporten til orientering.*
- 2. Fylkestinget godkjenner at bybanedrifta vert organisert som ein konsernmodell.*

3. Fylkestinget godkjenner at i lys av endra arbeidsoppgåver vert styret i Bybanen AS utvida med to personar. Styret skal ha totalt 7 personar, av dei skal to vere politikarar. Fylkestinget innstiller på styrerepresentantane, som vert valde av generalforsamlinga.
4. Fylkestinget godkjenner at fylkesrådmannen får fullmakt til å setje i verk naudsynte anskaffingar.
5. Fylkestinget legg til grunn at avtaler om framtidige anskaffingar kan terminerast dersom framtidig endra organisering av bybanen tilseier det.
6. Fylkestinget skal handsame sak om framtidig organisering av bybanen i fylkestingsmøtet i oktober, med handsaming i fagutval i forkant.
7. Fylkestinget ber fylkesrådmannen utgreie ein modell utan konkurranseutsetting der operatørføret og totalansvar for sikkerheitsstyring og vedlikehald vert i offentleg regi. Samtidig bør det utgreiast ein modell der ein også kan ta over vognvedlikehald og organisere dette som ei eining på linje med infrastrukturvedlikehaldet.
8. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å leggje fram ei sak som vurderer eit eventuelt forpliktande samarbeid med Bergen kommune om drifta av Bybanen.

Som det går fram av vedtaket over skal det gjerast store organisatoriske endringar i Bybanen AS, og fylkesrådmannen er m.a. bede om å legge fram ny sak om dette til fylkestinget i oktober. Slik sekretariatet ser det, inneheld evalueringsrapporten som fylkestinget har slutta seg til, i stor grad tiltak knytta mot problemstillingane som ligg i den godkjende prosjektplanen for denne selskapskontrollen. Det betyr at det allereie er i gang omfattande forbetningsarbeid på området. På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet vurdere om vidare gjennomføring av selskapskontroll av Bybanen AS skal utsettjast til hausten 2018 når ny organisering har fått virke ei tid.

Som vedlegg 3 ligg også brev frå Skyss til Bergen kommune gjeldande «Beredskapsplan ved akutt-tiltak mot dårleg luftkvalitet», dagsett 22.03.2017, til orientering.

#### Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet vedtek å utsetje selskapskontroll av Bybanen AS til hausten 2018 når ny organisering har fått virke ei tid.

#### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet vedtek å utsetje selskapskontroll av Bybanen AS til hausten 2018, når ny organisering har fått virke ei tid.

#### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.08.2017**

#### **Handsaming i møtet**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Kontrollutvalet vedtek å utsetje selskapskontroll av Bybanen AS til hausten 2018, når ny organisering har fått virke ei tid.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.*

Vedlegg

- 1 Prosjektplan - selskapskontroll av Bybanen AS
- 2 Sak 60-17 Evaluering av Bybanen i TING 14.06.2017 med vedlegg
- 3 Beredskapsplan ved akutt-tiltak mot dårleg luftkvalitet sendt til Bergen kommune